

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 23.05.2022
SAKSHANDSAMAR: Anna Risnes Selsås
SAKA GJELD: **Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2022**

ARKIVSAK: 2022/563
STYRESAK: **066/22**

STYREMØTE: **13.06.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med 270 mill. kr til totalt 1 798 mill. kr.
2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.
3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.

Oppsummering

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 270 mill. kr.

Fakta

Styret i Helse Vest behandla i møte den 08.12.2021 sak 110/21 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2021. Det blei fatta følgjande vedtak:

- 1. Styret godkjenner at det blir inngått ny avtale med Helse Vest IKT om å auke langsiktig låneramme med kr 200 mill. til totalt kr 1 528 mill.*
- 2. Dei økonomiske vilkåra skal vere i samsvar med dei vilkår Helse Vest har på konsernkonto.*
- 3. Tilbakebetaling av lånet skal minimum skje i takt med innbetalingane som er knytt til investeringane.*

Kommentar

Helse Vest IKT nyttar allereie ei samla låneramma på 1 528 mill. kr. I tillegg har det vore naudsynt å overføre totalt 270 mill. kr i kortsiktig likviditetslån frå RHF-et til Helse Vest IKT for å sikre framdrifta i aktuelle investeringsprosjekt.

Helse Vest IKT har med basis i likviditetssituasjonen samt framdrifta på investeringsprosjekta vurdert at det er behov for å auke langsiktig låneramme med 270 mill. kr.

Det blir her vist til styre i Helse Vest IKT sitt vedtak under sak 029/22 B:

- 1. Styret ber om at administrasjonen, med grunnlag i styresak 067/21 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2022 utarbeider og sender til Helse Vest RHF utvida søknad om lån på 270 mill. kr.*

Samla langsiktig låneramme til Helse Vest IKT vil etter auka låneopptak utgjere 1 798 mill. kr.

Likviditetsbehovet oppstår som følge av at det er Helse Vest IKT som har dei likviditetsmessige utbetalingane til investeringar som blir gjort på vegne av helseføretaka. Dersom IKT-aktivitetane ikkje hadde vore organisert under Helse Vest IKT AS, hadde utbetalingane blitt føretatt direkte i helseføretaka, og det er desse som då hadde fått tilsvarende høgare belastning på likviditeten.

Tilbakebetaling av lån vil skje i tråd med dei inntektene som Helse Vest IKT skal fakturere helseføretaka når investeringane er ferdigstilte.

Habilitetsvurdering

Administrerende direktør i Helse Vest RHF er styreleiar i Helse Vest IKT AS. Det at ein og same person innehar begge desse rollane inneber ikkje i seg sjølv at det oppstår nokon form for habilitetskonflikt for administrerende direktør når Helse Vest RHF skal behandla ei sak som gjeld Helse Vest IKT AS, jf. forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Inhabilitet må eventuelt bli konstatert ut frå ein konkret vurdering der vurderingstemaet er om det i den aktuelle saka ligg føre omstende som er eigna til å svekke tilliten til om administrerende direktør er upartisk.

Helse Vest IKT AS er eit resultat av val av strategisk retning med omsyn til korleis IKT-tenesta i regionen best kan organiserast. Eigarrepresentasjon i selskapet er ein sentral del av styringa, og det er da i liten grad rom for inhabilitetssynspunkt i forholdet mellom desse verksemdene. Unntaket er dersom det i den enkelte sak konkret kan peikast på ein interessekonflikt mellom selskapa og ein konflikt av meir personlig karakter for vedkommande som styremedlem. Ein slik situasjon ligg ikkje føre i denne saka.

Konklusjon

Administrerende direktør tilrår å auke den langsiktige låneramma med 270 mill. kr til 1 798 mill. kr i tråd med Helse Vest IKT sin søknad.